

Meland kommune

v/ Marius Flemmen Knudsen



**Alsaker Fjordbruk AS**  
5694 ONARHEIM  
Telefon : 53 43 01 09  
Telefax : 53 43 01 01  
Dir. tlf. : 53 43 01 09  
Mobil : 99 21 01 09  
Org. nr. : 979 494 009  
www.alsaker.no

Dykkar ref. : Marius Flemmen Knudsen

Vår ref. : Kristian Råsberg

Dato : 27.12.2018

## Salar Bruk AS

### Søknad om løyve til motorferdsle i Rylandsvassdraget 2019-2021

Me syner til løyve om motorferdsle i Rylandsvassdraget for inneverande periode, og sender med dette søknad om treårig løyve til motorferdsle i Rylandsvassdraget gjeldande frå 01.01.2019.

#### Bakgrunn

Salar Bruk er tidlegare innvilga løyve til motorferdsle i Rylandsvassdraget med vilkår om loggføring av turar. Av tidlegare løyve og loggar framgår det eit jamnt behov for slikt løyve, og me søker i år om treårig løyve. Varigheita på tiltaka har vore mellom ein halv til ein heil time per tur, og er utført i samband med kontroll/justering av m.a. inntaksleidningsarrangementet, samt ulike behov for tilsyn ein som regulant har i vassdraget for å skjytte dei plikter som følgjer av vassdragsreguleringa.

#### Søknad om løyve til motorferdsle

Kommunestyret har i møte 25.03.2009, sak 38/09 vedteke Forskrift for bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget. Den lokale forskrifta byggjer på §§ 4-6 i motorferdslelova. Forskrifta set strenge føringar til bruk av motorferdsle i vassdraget, når den aktuelle aktiviteten ikkje er heimla i motorferdslelova, men opnar etter § 5 opp for handsaming av saker etter motorferdslelova § 6 dersom særlege grunnar føreligg.

Forskrifta fangar ikkje opp våre aktivitetar direkte sjølv om Salar Bruk AS er ein viktig aktør i Rylandsvassdraget, og har eit jamnleg og varig behov for tilsyn av sine installasjonar m.m. i vassdraget. Salar Bruk har leidningar, demningar/overlaup, målestavar m.m. i vassdraget, og for at desse til ei kvar tid er operative er ein heilt avhengig av å føre jamnleg tilsyn.

For å utføra denne delen av drifta er det viktig å kunna nytta båt med motor, for på ein rasjonell måte kunna utføra naudsynte gjeremål og service. Det kan også oppstå akutte situasjonar, brekkasjar på installasjonar som er knytt til drifta av anlegget, samt andre nødvendige tiltak med drifta av anlegget, som må gjennomførast. For å avbøta og utbetra slike situasjonar, kan det ofte vera trong for raske aksjonar for å nå fram til aktuell stad/tiltak. Bruk av båt med motor til transport av personell, utstyr m.m. for å avgrensa moglege skader eller utføra planlagde tiltak, vil vera heilt avgjerande. I ein tørr sumar som 2018 var det òg behov for særleg overvaking av vassstilstanda i vassdraget.

Me vel å tru at ovannemnde tiltak fell under særlege grunnar, og vil vera så pass avgjerande for både den tekniske drifta av anlegget og trygging av viktige arbeidsplassar i kommunen, at det kan gjevast løyve til motorferdsle.

Med venleg helsing  
**Alsaker Fjordbruk AS**

Elektronisk signert  
Kristian Råsberg  
Samfunnskontakt  
kristian.rasberg@fjordbruk.no

Alsaker AS

Alsaker  
Fjordbruk AS

Bjølve  
Bruk AS

Bolstad  
Bruk AS

Fjelberg  
Fjordbruk AS

Fjon  
Bruk AS

Fjordbruk  
Service AS

Nordsjø  
Fjordbruk AS

Onarheim  
Bruk AS

Rogaland  
Fjordbruk AS

Røvær  
Fjordbruk AS

Salar  
Bruk AS

Sunnhordland  
Fjordbruk AS

Toftøy  
Fjordbruk AS

Tveit  
Brygge AS

Tysnes  
Fjordbruk AS

Viking  
Fjord AS

Ølve  
Bruk AS

Åmøy  
Fjordbruk AS